



Hordaland Fylkeskommune

Boks 7900

5020 BERGEN

Hordaland Fylkeskommune

03 OKT 2014

Vår ref.

14/1019-3/N-135//JONE


Dykkar ref.

Dato:

01.10.2014

Invitasjon til å vera med på idédugnad og folkemøte om den gamle ungdomsskuletomta i Norheimsund -samt Straumhaugen

I 2013 mottok Norheimsund prisen for Noregs mest attraktive tettstad, for arbeidet med å skape ein velfungerande og god tettstad for næringslivet, fastbuande og tilreisande gjester. No når ungdomsskulen er flytta bort i frå sentrum, ynskjer kommunen å sjå på kva moglegheiter som finst for framtida for denne attraktive tomte. Samstundes vil me sjå på kva moglegheiter som finst på Straumhaugen, knytt opp i mot den gamle ungdomsskuletomta.



Målet med prosjektet er å styrkja Norheimsund som tettstad, og kommune- og regionsenter.

«Studiet skal basera seg på kvalitetar og verdiar i området, og trekke fram området sine sterke sider for utvikling og framtidig arealbruk.

«Dei gamle bygningane på ungdomsskulen skal ikkje leggje begrensingar på kva potensiale som ligg på tomte, samstundes må potensialet og verdiane i bygga takast med som ein del av dei kvalitetane som er i område»

Kommunen har leigd inn Asplan Viak til å gjennomføra prosjektet. Dei har sett i saman eit veldig spennande team til dette arbeidet, med Torhild Wicklund, Fredrik Barth og Camilla Vivås-Valen.

I prosjektgruppa har rådmannen i Kvam fått med seg;

- samfunns og utviklingssjef,
- leiar for kultur og integrering,
- leiar for plan,
- leiar for næring
- leiar i næring plan- og bygningsutvalet
- leiar for næringslaget i Norheimsund
- leiar for grendelaget i Norheimsund
- Grannehjelpa
- Rådet for menneske med nedsett funksjonemne
- Hardanger fartøyvernsenter
- leiar for ungdomsrådet
- private grunneigarar
- Kvam familie og læringscenter

Referansegruppe;

- Hordaland fylkeskommune


I tillegg er Norheimsund skule invitert til å vera med på arbeidet.

Kvam herad inviterer til idédugnad og folkemøte, måndag den 13.oktober kl 17.00 - 20.00.

Stad; **Norheimsund skule**

Studien vil verta presentert i heradsstyret den 16. desember, samt i eit ope møte samme dato kl 17.00.

Velkomne til vidare arbeid med Noregs mest attraktive tettstad.

Helsing

Jon Nedkvitne

Samfunns- og utviklingssjef

Telefon: 56553021

Epost: jon.nedkvitne@kvam.kommune.no

Kopi til:			
Asplan Viak	Fabrikkgaten 3	5059	BERGEN